



Justis- og politidepartementet

Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
201002549

Vår ref.  
201001411-3

Arkivkode  
008

Dato  
22.06.2010

## **Høyring - plikten til å varsle selskapet i samband med tvangsoppløysing av selskapet mv.**

Vi syner til departementet sitt høyringsnotat, datert 15. juni 2010.

Brønnøysundregistra har desse merknadene til forslag til endring av aksjelova §§ 16-16 og 16-17: (Merknadene gjeld og for dei tilsvarande reglane i allmennaksjelova, bustadbyggjelagslova og samvirkelova.)

Brønnøysundregistra støtter forslaget om endringar i reglane om varsling av selskap i samband med tvangsoppløysing. Etter vår meining er desse endringane naudsynte for at ein skal kunne gjennomføre ei effektiv handheving av selskapa si plikt til å syte for at de formelle tilhøva knytte til styre, dagleg leiar, revisor og rekneskap er i samsvar med dei krav som er fastsett i lov.

Departementet har eksplisitt bede om høyringsinstansane sitt syn på om det er behov for ein regel om at det skal sendast meir enn eitt varsel. Slik vi oppfattar det tenkjer ein her på om det bør sendes eit ekstra varsel i tida *før* kunngjering og ordinær andre gongs varsling av selskapet. Etter Brønnøysundregistra si oppfatning bør det vera tilstrekkeleg at varsel sendast til selskapet *ein* gong før kunngjering.


Vi gjer merksam på at praksisen i Føretaksregister er at varsel blir sendt til selskapet også samstundes med kunngjeringa etter aksjelova § 16-16 andre stykket. Selskapet blir altså uansett alltid varsla to gonger før saka kjem opp for tingretten. Selskapet blir og underretta på nytt samstundes med sjølve oversendinga av saka til tingretten.

Det kan dessutan vere grunn til å minna om at ein må legge til grunn at selskapa i utgangspunktet kjenner til at loven stiller krav til styre, dagleg leiar, revisor og innsending av årsrekneskap. Om ein styremedlem eller revisor vil fråtre skal selskapet ha varsel om dette frå vedkomande sjølv, jf. aksjelova § 6-7 og revisorlova § 7-1. Om saka gjeld dagleg leiar vil situasjonen oftast vere at dagleg leiar sjølv har sagt opp si stilling eller at han er sagt om av selskapet sjølv. I alle høve skal selskapet altså ha motteke mange varsel om tilhøvet før det går så langt som til tvangsoppløysing.

I høyringsnotatet er det framheva at det kan vere tilfelle at ikkje alle selskap følgjer med på kunngjeringsar. Brønnøysundregistra er samd i at det i praksis kan vere slik at selskapa ikkje gjer ein god nok jobb med omsyn til dette. Vi vil likevel syne til at det fleire stader i lovgjevinga er lagt til grunn at næringsdrivande selskap skal følgje med på denne type kunngjeringsar. Her kan det til dømes visast til reglane om kreditorvarsling ved blant anna oppløysing av selskap, fusjon, fisjon og kapitalnedsetjing mv. og reglane om kunngjeringsar av konkursar. Alle desse reglane har som føresetnad at næringsdrivande selskap skal og kan varslast gjennom kunngjeringsar.

Med helsing

**BRØNNØYSUNDREGISTRA**



Erik Fossum  
direktør

*Hilde Kristin Stang*  
for Håkon Olderbakk  
avdelingsdirektør

Saksbehandlar: Ronny Bertelsen